

VINDAFJORD KOMMUNE


RETTLEIAR UTØVANDE LOGOPED

Logoped for barn og unge etter opplæringslova og
barnehagelova



Revidert januar 2026

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst, Sonja Hundseid Lærdal leiar PPT Etne og Vindafjord og Katrine Rugland, logoped.



Kva er logopedi?

Fagfeltet logopedi handlar om språk-, tale, kommunikasjons- og svelgvanskar. Vanskane kan vera medfødt mens andre har fått vanskane på grunn av sjukdom, skade eller ulykke. Logopedar jobbar med førebygging, utgreiing og behandling av desse vanskane innan utdanningssektoren og i helse og rehabilitering. Nokre av dei viktigaste felte logopeden jobbar med er:

- Utviklingsmessige språkforstyrningar (DLD)
- Lese- og skrivevanskar og dysleksi
- Språklydsforstyrningar
- Leppe-/kjeve-/ganespalte
- Stammer og løpsk tale
- Kommunikasjonsvanskar i kontekst av ulike utviklingsforstyrningar
- Stemmevanskar
- Svelgvanskar
- Alternativ og supplerande kommunikasjon

(Norsk logopedforbund)

Rett til logopedhjelp

“Etter bestemmelsene i opplæringslova kapittel 4A, 5 og 13, og etter barnehageloven kapittel VII, har kommunen eller fylkeskommunen plikt til å gi spesialundervisning til barn, ungdom og voksne som fyller vilkårene for dette. For voksne gjelder retten ved grunnskoleopplæring og ved utvikling og vedlikehold av grunnleggende ferdigheter. Logopedhjelp kan inngå som en del av det spesialpedagogiske tilbudet, avhengig av hva som følger av enkeltvedtaket om spesialundervisning.” Henta frå [Rundskriv til ftrl § 5-10: Logoped/Audiopedagog - Lovdata](#)

Barn som strever med enkeltlyder:

Det er klart innan normalvariasjonen at barn ikkje har alle språklydane på plass, og kan ha ein umoden uttale. Barnets språkforståing og språkproduksjon er begrensa samanlikna med det vaksne språket. Desse begrensningane visar seg som endringar av lydar eller utelatingar av lydar/stavingar i uttale av ord. Dette kallast fonologiske forenklingssprossar og visar til at barnets system er ein forenkla utgåve av det vaksne lydsystemet. Desse forenklingssprossane følger eit utviklingsmessig mønster, som vil seie at alle barn som følger et typisk utviklingsforløp brukar same type sprossar. Fram til 4-årsalderen er barns tale prega av fonologiske forenklingssprossar. Barn med språklydsforstyrningar fortset å forenkla ord vidare oppover i alder. Språklydsforstyrningar inneber å ha vanskar med å uttale ord som forventast ut frå alder og talenorm, og eit fellestrekk for desse barna er at dei gjerne har få lydar og enkle lydstrukturar.


Med mindre det er samansette vanskar eller særskilde årsaker til at barn ikkje følgjer forventast taleutvikling, er det ikkje anbefalt å trene spesielt på enkeltlydar/ lydkombinasjonar. Ein normal modningsprosess skal få gå i eige tempo. PPT anbefalar ei grundig undersøking av barnet si høyrslé før det vert vurdert å tilvisa til logoped ved vanskar kun i forhold til plassering/uttale av enkeltlydar. Den viktigaste treninga skjer ved at språket vert utvikla dagleg gjennom snakking, song og stemmebruk i lek. Det er viktig å invitera til kommunikasjon, oppmuntra til samtale og verdsetja det uttrykket barnet har. Vel så viktig er det å ha fokus på at barnet har omgrep og forstår innhaldet i dei.

Rådet er å følgja med i den språklege utviklinga. Barnehagar og skular er gode på kartlegging av barn si språklege utvikling. Dette bør gjerast som grunnlag for ei eventuell tilvising til logoped ved PPT.

Tilvising logoped

Ved behov for logopedvurdering tilviser ein PPT på ordinært tilvisingsskjema og kryssar av på «Behov for logoped». Ei logopedvurdering inneber ei systematisk kartlegging av barnets språk og uttale, og gjer ei oversikt over eventuelle forenklingssprossar som er til stades i barnets språk. Etter utgreiing avtalar logopeden eit tilbagemeldingsmøte med føresette og skule/barnehage for å oppsummera resultata og avklara vidare oppfølging. Logopeden kan gje inntil 2 timar, tilsvarande 4 økter utøvande logopedi som tidleg innsats.

Dersom det er behov for vidare systematisk oppfølging må skulen/barnehagen tilvise PPT for sakkunnigvurdering. PPT utarbeidar sakkunnigvurdering der logoped er tilrådd.



Utøvande logoped

For at logopedtiltaket skal vera opplæring etter opplæringslova, med den fylgje at kommunen står ansvarleg, må fylgjande punkt vera oppfylt:

- Tiltaket må stå under skulen si leiing og ansvar
- Aktiviteten må skje innanfor ramma av det fastsette undervisningstimetalet
- Aktiviteten må ha eit pedagogisk siktemål som er innretta på å nå dei måla som går fram av opplæringslova sin føremålsparagraf, §1-1
- Aktiviteten må innebera ei oppfylling av det sentralt fastsette læreplanverket for grunnskulen, eller innebera ei oppfylling av ein individuell opplæringsplan som er fastsett i høve til opplæringslova §§11-7, 11-9 til 11-11.
- For barnehage må logopedtiltaket vera forklart i sakkunnig vurdering og vedtak, og stå under barnehagen si leiing.

Kriterier og vilkår

Dersom barnehagar og skular sender bestilling av logoped som del av spesialpedagogisk hjelp eller individuelt tilrettelagt opplæring, skal dette vera tilrådd i sakkunnig vurdering frå PPT og vera del av barnet/eleven sitt enkeltvedtak.

Avtale om tenesta sitt omfang og organisering


1. Både logoped og tenestemottakar (styrar/ rektor) kan ha behov for å avklara rammene for tiltaket. I kvar sak må barnehage- og skuleeigar/einingsleiar gjera avtale med logoped om omfang og varigheit av tiltaket.
2. Ved endring i omfang eller varigheit må logoped gjera avtale med barnehage- og skuleeigar/ einingsleiar i forkant.
3. Tenestemottakar må:
 - a. Syta for å ha eit høveleg lokale for logopeden
 - b. Gje naudsynt informasjon til barnet/ den unge og foreldre/ føresette
 - c. Ha gode interne rutinar for å melda frå til logopeden om eventuelle endringar eller dersom barnet/ den unge er borte frå barnehagen/ skulen.

Kontakt med foreldre/føresette og samarbeid med andre

Den enkelte barnehage/skule har i utgangspunktet ansvar for all kontakt med foreldre/føresette. Dersom logopeden har direkte kontakt med foreldre/føresette, skal barnehagen/skulen v/leiar ha kjennskap til art og omfang av dette.

Dersom logopeden har behov for direkte kontakt med andre instansar som har kjennskap til barnet/eleven, slik som PPT, BUP, Statped eller andre tenester, må barnehagen/ skulen v/leiar innhenta samtykke frå foreldre/ føresette.

Logopeden kan vera med på barnehagen/skulen sine samarbeidsmøte, tilbakemeldingsmøte og liknande med føresette og andre instansar, dersom dette er ynskjeleg og etter avtale.



Rapportar

Rapport etter gjennomført oppdrag vert skrive og sendt til den enkelte barnehage/skule som er oppdragsgjevar, med kopi til foreldre/føresette og PPT. I rapporten skal det stå kva logopeden har gjort og kva behov barnet/ eleven har for oppfylging i barnehagen/ skulen sin regi. Det skal også gå fram i rapporten kva vedlegg som eventuelt fylgjer med rapporten.

Prosedyre ved avslutning av oppdrag

Saker vert avslutta etter endt oppdrag etter avtale med oppdragsgjevar. Logoped melder frå til einingsleiar at sak kan avsluttast. Det vert sendt ut avslutningsbrev.



Kjelder:

Norsk logopedforbund

https://lovdata.no/nav/runskriv/r05-10#KAPITTEL_2

Tidl. Rettleiar utøvande logoped, Vindafjord kommune

Logopedhjelp etter helselovgjevinga fell utanfor desse kriteriene. Dette kan gjelda logopedbehandling grunna sjukdom, skade eller lyte. Her kan ein søkja behandling hos privatpraktiserande logoped, med refusjon frå HELFO. Intensiv innsats med språkopplæring ved afasi, sett i gang kort tid etter eksempelvis hjerneslag, gjev best resultat på lang sikt, og det er difor viktig at behovet for logopedhjelp i akutfasen vert vurdert. Slik logopedhjelp i akutt fase fell utanfor det som er å rekna som opplæring etter opplæringslova; jmf. kriteriene over, og skal vera rekna som ei helseteneste etter helselovgjevinga.

